

01.07. 2013

Det kongelige kulturdepartement
postmottak@kud.dep.no

KULTURUTREDNINGEN 2014

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ JÆRMUSEET

"Kulturutredningen 2014" er ei grundig og omfattande utgreiing som gir eit viktig oversyn over hovudtrekka i norsk kulturpolitikk og betydninga av den dei siste 200 åra, sjølv om utgangspunktet for arbeidet har vore å gå gjennom og evaluera kulturpolitikken etter 2005. Slik sett er dette ei utgreiing ein kan gå tilbake til i mange samanhengar i åra framover. I denne høyringsfråsegna skal Jærmuseet konsentrera seg om å kommentera ein del punkt som har direkte relevans til museumsarbeidet slik me opplever det sett frå eit regionmuseum og regionalt vitensenter.

Museumsreforma

Utvalet oppsummerer at museum og kulturvern er dei områda som har fått den fjerde største realauken i Kulturløftet. Det kan høyrast forlokkande mykje ut, men denne auken var eit heilt nødvendig løft dersom ein skulle gjennomføra intensjonane i Museumreforma og dei strukturendringane den statlege museumspolitikken legg opp til.

Ein må og få peika på at ein god del av dei ekstra løyvingane ha gått til å dekkja ein sterk løns- og pensjonskostnadsvekst i perioden.

Frå vår side vil me peika på at det ennå gjenstår mykje for å fullføra dei faglege og kvalitative måla for reforma, og det er framleis avgjerande å målretta midlar for å fortsetta og forsterka dei positive sidene og effektane av konsolideringane.

Jærmuseet stør også tanken om ei større evaluering av reforma. Det er nødvendig å sjå på koss ein skaper best muleg operasjonelle og effektive einingar, og *"operasjonelle arbeidsfelleskap"*, slik meldniga frå 1999 formulerte det; koss ein best muleg skal organisera musea for å nå dei faglege og museumspolitiske måla ein set for verksemda.

Det er slett ikkje gitt at størst muleg einingar eller yttarlegare konsolideringar er svaret på dette.

I kap. 14 åttvarar utvalet (som ei av innvendingane mot mål- og resultatstyringssystemet) mot *"likedanning av organisasjonar"*. Dette kan og vera ein fare ved for mange store museumseiningar. Både m.o.t. kreativitet og faglege utviklingsmål kan det vera sunt med noko gjensidig regional *"konkurrans"*; museum som kan utfordra kvarande og finna ulike løysingar på *"samfunnsoppdraget"*.

Jærmuseet

Kviavegen 99 • Kvia • Postboks 250 • 4367
Nærbo
Tlf. +47 51 79 94 20 • Faks +47 51 79 94 21
E-post: post@jaermuseet.no

Våre anlegg

Vitengarden, Vitenfabrikken, Nasjonalt
Garborgsenter, Tungenes Fyr, Science Circus,
Limagarden, Haugabakka, Grødalaland,
Vistnestunet, Flyhistorisk Museum Sola,
Rogaland Krigshistoriske Museum

www.jaermuseet.no Org. nr.: NO 971 098 767

I samband med kapitla om kulturvern saknar me dessutan fokus på sjølve "grunnmuren" i musea, samlingsforvaltninga, inkludert bygningsvernet på musea. Her er det eit betydeleg etterslep: Manglande, høvelege magasinlokale, mangalande fagpersonale både når det gjeld handverkarar, konserveringsteknikarar og administrativt samlingsforvaltningspersonale. Det er nødvendig med eit nasjonalt løft som inneber auka midlar på statsbudsjetta framover."

Kulturelt innhald og infrastruktur

Utgreiinga understrekar at kulturpolitikken framover må legga meir vekt på kulturelt innhald og kvalitet, og mindre fokus på infrastruktur.

Samtidig framhevar ein behovet for eit lokalt kulturløft og styrking av den kulturelle infrastrukturen i lokalsamfunna.

Utvalet peikar på at dei mange nye kulturarenaene ikkje har ført til auka publikumsbesøk. For den samla kultursektoren kan kanskje dette vera riktig nå ein summerer tal på overordna nivå.

Men her treng ein nok å nyansera bildet betydeleg. Me vil peika på at museumsektoren samla har hatt ein klar publikumsauke gjennom denne perioden. For Jærmuseet sin del vil me understreka at nye kultur-/museumsarenaer har ført til betydeleg publikumsauke og trekt nye grupper til museet.

Frå ny utstillingshall og nye utstillingar var ferdig på Jærmuseet-Vitengarden på Nærbø (2002-2005), med opninga av Vitenfabrikken i Sandnes i 2008 og Garborgsenteret på Bryne 2012, har det samla publikumstalet på Jærmuseet sine anlegg auka frå 19.770 gjester i 2001 til nær 175.000 gjester i 2012. Sjølv om ein del av denne auken skuldast at Jærmuseet har overtatt driftsansvaret for dei lokale bygdemusea og Tungenes fyr, har storparten av auken samanheng med nettopp investeringar i nye bygg og utstillingar. Vitenfabrikken åleine har frå 2008 – 2012 stått for 325.740 nye museumsgjester! Me er derfor overtydd om at yttarlegare investeringar i gode museumsarenaer vil gi godt utbytte i form av auka besøk og gode kulturopplevingar for store delar av befolkninga; ikkje minst barn og unge med foreldre og besteforeldre.

"Den kulturelle grunnmuren" – musea som lokale møteplassar

Det forundrar oss at utvalet ikkje synest å inkludera musea i "den kulturelle grunnmuren" i lokalsamfunna. Lokalbefolkninga utgjer ein betydeleg del av museumsgjestene, og dei lokale museumsarenaene er mange stader viktige lokale møteplassar – m.a. mellom musumsarbeidarar og frivillige lag og organisasjonar, bedrifter og ulike grupper i lokalsamfunna. Både kommunar og statlege kulturstyresmakter bør dessutan sjå det potensialet desse arenaene har for å utvikla seg ennå meir som møtestader, ein "common ground", mellom innflyttarar/innvandrar og lokalbefolkninga, og som gode arenaer for inkludering og integrering.

Regionale vitensentra

Mykje av det same kan seiast om dei regionale **vitensentraene**. Også dei investeringane som er gjort her i nye bygg og utstillingar har gitt betydelege utteljingar i form av besøkstal og gode kulturopplevingar for store grupper.

Vitensentraene har ei viktig samfunnsrolle når det gjeld auka interessa for realfag og stimulera til rekruttering til realfagsstudier. Men ikkje minst skal vitensentraene bidra til å auka *den naturvitskapelege almenndanninga* og fremja sjølvstendig tenking og kritisk refleksjon. Også den delen av befolkninga som ikkje spesialiserer seg innen naturvitskap, matematikk og teknologi, treng kunnskap i og om desse faga. Denne kunnskapen er viktig for alle i eit moderne samfunn og er med på å utvikla eit levande demokrati.

Formidling og ambulerande tiltak

Me har og merka oss at utvalet meiner at ressursinnsatsen i åra framover i større grad må rettast inn mot formidlingstiltak, og også leggja større vekt på ambulerande ordningar innanfor ulike delar av kulturfeltet. (kap. 13.2, pkt. 5). Som nemnt ovanfor meiner me at nye kulturarenaer i mange høve er ein føresetnad for kulturformidling, ikkje minst for å auka kulturtilbodet i mange lokalsamfunn.

Elles stør me forslaget om å styrka Den kulturelle skulesekken, men vil understreka at i somme fylke og kommunar ser ein tendensar til ei snever oppfatning av at kulturomgrepet = musikk, litteratur og biletkunst. Kulturvernet bør få ein større plass i DKS, og samtidig bør formidlinga av den naturvitskapelege arven erkjennast som ein naturleg del av den felles kulturarven i eit samfunn.

Jærmuseet har sitt eige ambulerande kulturtilbod. Vårt "vitensenter på hjul", Science Circus, reiser rundt til skular i Rogaland og Agderfylka. Frå 2003 til 2012 har Science Circus (med i gjennomsnitleg 1 årsverk!) nådd ut til over 100.000 skuleelevar! Tilbodet får svært god mottaking på skulane, og særleg Vest-Agder fylkeskommune har vore flinke til å inkludera dette som ein del av sitt DKS-tilbod.

Støtteordningar og Norsk Kulturråd

Utvalet meiner og at ein større del av dei statlege kulturmidlane bør kanaliseras til støtteordningar som inngår i Norsk Kulturråd (kap. 13.2, pkt. 4). Dersom dette også skal omfatta museumsfeltet stiller me oss tvilande til det forslaget. Etter ulike fusjonar og samanslåingar (etter NMU si tid) synest den museumsfaglege kompetansen og innsikten i museumsfeltet å vera svekka. Grunnfinansieringa i musea må kvila på forutsigbare økonomiske rammer!

Utvida finansieringsgrunnlag for kulturlivet

I kap. 13.6 drøftar utvalet behovet for å utvida finansieringsgrunnlaget for kulturlivet og peikar på at det er ynskjeleg å auka den private finansieringa.

For oss er det litt uklart kva utvalet meiner om kultursponsing ”i streng forstand”.

Jærmuseet har gode erfaringar med samarbeid med næringslivet, både i form av gåver og sponsorkontraktar til utviklings- og utstillingsprosjekt. Men også i forhold til sponsorar må ”armlengds avstand”-prinsippet gjelda, og ICOM’s museumsetiske regelverk, pkt. 1.10 ”forretningsmessige retningslinjer”, som m.a. understrekar museet sin integritet og redaktøransvar, må ligga til grunn for alle sponsorkontraktar.

Det er dessutan vanskeleg å skaffa private midlar til drift og løn, og gåver og sponsormidlar må vera eit tillegg til ordinær drift og offentleg grunnfinansiering.

Me er einig i utvalet sin konklusjon om at det er ynskjeleg med auka støtte til kulturlivet frå veldedige stiftingar. I Norge saknar ein ennå dei store private fonda, for eksempel slike som Carlsbergfonden eller A. P. Møller Fonden i Danmark; det siste har for eksempel dette året gitt 200 mill. Dkr til utbygging av Experimentarium i København.

Samfunnsoppdrag/ Mål- og resultatstyring / Evalueringar

I kapittel 13.5 og kap. 14 reiser utvalet spørsmål om i kva grad det nåverande systemet for mål- og resultatstyring eignar seg for å vurdere kulturinstitusjonane. Det er m.a. trong for å utvikla meir tenlege metodar for å vurdere kvaliteten.

Det er viktig å drøfta musea si samfunnsrolle og samfunnsoppdrag, og det er positivt at utgreiinga i kap. 14 stiller desse spørsmåla og drøftar kulturinstitusjonane si samfunnsrolle. (*«Det nåverande mål- og resultatstyringssystemet bør erstattes av ein eierstyring basert på ein tydeliggjering av kulturinstitusjonenes samfunnsoppdrag (.....)»*)

Desse diskusjonane heng nøye i hop og er viktige diskusjonar som bør fylgjast opp.

Me føreset at institusjonane innanfor dei ulike kulturfelta blir inkludert i ein slik diskusjon.

Utvalet skriv og at

”Startpunktet for formuleringen av kulturinstitusjonenes samfunnsoppdrag må ligge i at den enkelte kulturinstitusjon selv formulerer oppdraget. Samfunnsoppdraget som legges til grunn for virksomheten i kulturinstitusjoner, må videre være et offentlig anliggende, mer enn det er en byråkratisk kontrollmekanisme.

I samfunnsoppdraget skal institusjonene formulere faglige/kunstneriske mål og strategier, herunder kvalitetsmål, og publikumsmål. Som en del av oppfølgingen av målene bør det gjennomføres periodiske evalueringer av virksomheten ved kulturinstitusjonene, for eksempel hvert fjerde år.”

At det og må skapast ein offentleg debatt kring prosessane med å formulera og revidera kulturinstitusjonar sitt samfunnsoppdrag helsar me velkomne. Dette må derimot ikkje forvekslast med meir politisk styring, men me erkjenner sjølvstundt at det er positivt med dialog mellom institusjonane og offentlege styresmakar som står for storparten av driftsstøtta til institusjonane.

Dei fleste musea er organisert som sjølvveigande stiftingar, og det er viktig å repetera ”armlengds avstandsprinsippet” i denne samanhengen.

Utvalet understrekar at ein treng ein meir kunnskapsbasert kulturpolitikk. Forslaget om å styrka forskingsinnsatsen på området for kunst og kulturvern er interessant, og etablering av eit forskingssenter for kultursektoren er eit forslag som bør vurderast nærare.

Me stiller oss meir avventande til forslaget om periodiske og kvalitative evalueringar. Prinsippet om ein slik evalueringsmetode er absolutt interessant, og me støyr tanken om å forenkla rapporteringsrutinane. Som regionalt vitensenter har me gode erfaringar med ei kvalitativ og periodisk evalueringsform. Det er likevel stor skilnad på å evaluera åtte regionale vitensenter og over 70, til dels store og komplekse konsoliderte museum. Det føreset betydeleg kompetanse og innsik i musea frå dei som skal gjennomføra denne evalueringa. .Derfor må ein drøfta nøye koss eit slikt evalueringsutval eller organ skal settast saman og koss dei eventuelt skal utføra ei slik evaluering.

Kulturminnevernet

Musea bør få ei meir aktiv rolle i kulturminnevernet i kommunane og settast i stand til å fungera som ressursentra for bygningsvern i sine regionar, og slik sett styrka og samla den antikvariske kompetansen og bygningshandverkarkompetansen i større miljø.

Den antikvariske kompetansen i kommunane er variabel, og vår erfaring er at kvaliteten på bygningsrestaurering og vedlikehald i regi av kommunar kan og vera variabel.

Men skal musea ha utvida oppgåver på dette gfeltet, må det og fylgja med nødvendige ressursar.

Musea si rolle er likevel ikkje å driva kommunal sakshandsaming, men rådgjeving.

Det kan vera tenleg å samla museum, kulturvern og kulturminnevern i Kulturdepartementet for å få tettare samarbeid mellom desse sektorane; i alle høve bør organiseringa av kulturminnevernet utgreiast nærare.

Nærbo, 1.juli 2013

Målfrid Snørteland
Direktør